

OPPVEKSTPLAN FOR FORSAND KOMMUNE
2016-2019





Oppvekstplan

Mål	2
Seksjonane sine virkeområder i arbeidet med barn og unge	3
Visjon: Alle skal med	8
1. FOR ALLE BARN OG FØRESETTE	10
1.1 Fokus på foreldrerolla	10
1.2 Kvalitet i barnehage og skule	11
1.3 Positivt oppvekstmiljø for barn og unge	12
1.3.1 Nulltoleranse for mobbing og vald	12
1.3.2 Handlingsplan mot barnefattigdom	13
1.3.3 Folkehelse	14
1.4 Varierte og gode kultur og fritidsaktivitetar	15
1.5 Involvering av barn og unge	16
1.6 Rusførebyggande arbeid	17
1.7 Trygge skuleveggar og gode sykkelstiar	17
2. FOR BARN OG FORESATTE MED RISIKO FOR Å UTVIKLE VANSKAR	18
3. FOR BARN OG FØRESETTE MED BEHOV FOR SÆRSKILTE TILTAK	20
4. Budsjett	21
5. Aktuelle planar som har innverknad på arbeidet med barn og unge	22

MÅL

Målsettinga for planen kan summerast slik som det er nedfelt i FN sin barnekonvensjon som skal sikre barna sine sivile, politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. Konvensjonen har følgjande fire hovudprinsipp:

- Barn har rett til liv og helse
- Barn har rett til skulegong og utvikling
- Barn har rett til deltaking og medverknad
- Barn har rett til omsorg og tryggleik

For å sikre at alle barn vert ivaretatt i samsvar med denne målsettinga har me delt inn planen i tre hovudkategoriar:

1. For alle barn og føresette

2. For barn og føresette med risiko for å utvikle vanskar

3. For barn og føresette med særskilte behov

Me ønskjer at planen skal ha ein raud tråd slik at me alle kan arbeida mot same mål og bruka same verktøy.

Oppfølging og evaluering

Rådmannen har eit overordna ansvar for å sikre at oppvekstplanen vert følgt.

Oppvekstplanen er meint å fungere som eit levande verktøy. Den skal vise kva tiltak me utfører på dei ulike arbeidsområda og kva som er satsingsområde i inneverande planperiode.

Tverrfaglege samarbeidsmøte vil ha fokus på dei ulike områda og tiltaka.

Oppvekstplanen vert evaluert 4. kvart år. Første gong i 2020 v/rådmannen si leiargruppe og

Tverrfagleg samarbeidsgruppe.

Statistikk, per 1.1.2015

I Forsand Kommune bur det 352 barn/ unge mellom 0 – 19 år.

0-4 år – 71 barn

5-9 år – 84 barn

10-14 år- 105 barn

15-19 år – 92 barn/ ungdommar

Seksjonane sine ansvarsområde i arbeidet med barn og unge

HELSESTASJONEN

Forsand helsestasjon held til på Helsesenteret. Forsand kommune har ei stilling for helsesøster.

Helsestasjonen sine oppgåver:

- Svangerskapsomsorg
- Heimebesøk
- Rettleiing og rådgjeving
- Sped- og småbarnsundersøking
- Oppfølging av barn med spesielle behov
- Vaksinasjon
- Helseopplysning og foreldrerettleiing individuelt og/eller i grupper
- Sosialt nettverksarbeid
- Tverrfagleg samarbeid med barnehagen, PPT, sosial, barnevern og andre aktuelle samarbeidspartar

FORSAND BARNEHAGE

Forsand Barnehage er ein kommunal barnehage.

Den er bygd som ein "basebarnehage" med 4 basar.

Barnehagen har tilbod om delte plassar 2-5 dagar i veka, samt heil- og halvdagsplassar.

Visjonen til barnehagen er: Me gjer kvarandre gode.

I Forsand barnehage ynskjer me at barn og vaksne skal gjere kvarandre gode gjennom respekt og openheit. Hovudmålet for barnehagen er at alle barna skal få gode moglegheiter til læring og utvikling. Me vil at dei skal oppleve tryggleik og trivsel i barnehagen.

Barnehagen har eiga heimeside: <http://www.minbarnehage.no/forsandbhg>

FORSAND SKULE

Forsand skule er en grunnskule i Forsand. Skulen er både barne- og ungdomsskule og er den einaste skulen i kommunen. Skulen har om lag 200 elevar.

SFO er lokalisert og administrativt knytt til skulen.

Skulen har ATO avdeling.

Skulen har eiga heimeside: <http://www.minskole.no/forsand>

SKULEHELSETENESTA

Helsesøster er på Forsand skule 2 gangar i veka. Skulehelsetenesta sine oppgåver:

- "Open dør", vera tilgjengelig for elevane og foreldra
- Helseundersøking av skulebarn på gitte alderstrinn
- Vaksinasjon
- Oppfølging av elevar med spesielle behov
- Helseopplysning, undervisning og rettleiing individuelt og/eller i grupper
- Tverrfagleg samarbeid med skulen, PPT, sosial, barnevern og andre aktuelle samarbeidspartar
- Miljøretta tiltak, fokus på elevane sitt arbeidsmiljø og samarbeid med FAU

HELSESTASJON FOR UNGDOM

Forsand kommune manglar eit organisert tilbod. Ungdom kan få snakke med helsesøster og ved behov avtale tid for samtale med psykiatrisk sjukepleier og/eller lege.

PPT-TENESTA

PPT tenesta er felles for kommunane Strand – Forsand – Hjelmeland og Finnøy og heiter difor PPT for Midt-Ryfylke. Alle kommunar skal etter Opplæringslova § 5-6 ha ei PP-teneste. Visjonen er : Fokus på barn og unge i tett samspel med miljøet.

PPT skal hjelpa barnehagen og skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, slik at dei kan leggja betre til rette for born og unge med særskilte behov.

BARNEVERN TENESTA

Barnevernstenesta held til på Kommunehuset i Forsand. Barnevernstenesta skal følgje med i dei tilhøve barn lever under, og ha ansvar for å finne tiltak som kan førebyggja omsorgssvikt og åtferdsproblem. Alt arbeid som vert utført av barnevernstenesta skal vere i nært samarbeid med familien.

Lowverk: Lov om barnevernstenester

PSYKIATRITENESTA

Psykiatritenesta i Forsand held til i Helsesenteret i tredje etasje.

Målet for psykiatritenesta er å tilby skreddarsydde tenester som fører til personleg vekst og evne til å ta vare på eige liv.

Dette er eit tilbod til personar som på grunn av psykiske plager, sjukdom, rusproblem eller vanskeleg livssituasjon slit med å fungere i kvardagen.

- * Tilbodet gjeld for alle aldersgrupper.
- * Tenesta vert gitt etter lov om helsetenesta i kommunen §2-1
- * Tilsette har teieplikt.
- * Psykiatritenesta har tilbod for enkeltpersonar og i grupper.
- * Samarbeider med andre tenesteområde etter behov.

TENESTER FOR FUNKSJONSHEMMA

Tenesta skal vere medhjelpar og støttespelar for den einskilde som treng assistanse. Ein samarbeider tverrfagleg med andre seksjonar i kommunen, som til dømes Pleie- og omsorgsseksjonen, Psykiatrisk helseteneste og Helsestasjonen.

Tenesta kan tilby mellom anna:

- Målretta miljøarbeidarteneste
- Brukarstyrt personleg assistanse
- Avlastningstiltak for barn og unge
- Barnebustad
- Støttekontakt
- Omsorgsløn
- Individuell plan

Avlastning/avlastningsbustad

Avlastningsordninga skal vere med å gje familiane høve til ferie og fritid og dermed høve til deltaking i vanlege samfunnsgode og -aktivitetar. Avlastningsbustad er ei av fleire avlastningsordningar. Tiltaka er retta mot personar som har dagleg/heilkontinuerleg omsorg for funksjonshemma barn og unge i heimen. Tiltaket skal gje avlastning ved at den funksjonshemma vert tildelt plass for opphald i avlastningsbustaden for kortare eller lengre

periodar. Tilbodet er for barn og ungdom.

KULTUR

Kulturadministrasjonen har kontor på Kommunehuset. Dei andre avdelingane i kulturseksjonen er lokalisert slik:

Kulturskulen, Biblioteket, Kafé Mulen og Fritidsklubben held til på Kulturhuset.

Aktivitetssenteret med frisør og tilhøyrande kafé i same bygg som Forsandheimen.

Ansvarsområdet til kulturseksjonen er mellom anna:

- Tilskot til lag og organisasjonar
- Samordning av aktivitetar og kulturarrangement
- Kulturarrangement, interkommunalt samarbeid
- Tilrettelegging for friluftsliv
- Kulturkontoret samarbeider med skule og bibliotek om forfattarbesøk, barneteater, utstillingar, konsertar og kulturkveldar.

Aktivitetssenteret

Allbrukssenter med mange kulturelle arrangement som også inkluderer barn- og unge.

Biblioteket

Biblioteket er kombinasjonsbibliotek dvs. også skulebibliotek. Biblioteket er formidlar av kunnskap, kultur og er ein viktig sosial møteplass. Lån av ulike media er gratis.

Fritidsklubben

Fritidsklubben er eit gratis lågterskeltilbod for unge frå 4 klasse og oppover. I klubben får barn og unge aktivisera seg med musikk, biljard, airhockey, ulike spel og sosialt samvær m.m.

Kulturskulen

Kulturskulen gjev opplæring i fleire disiplinar der både vaksne og born kan delta: instrument, song, bilde, drama og kor.

Kulturskulen kan leggja til rette for tilbod for barn med spesielle behov.

NAV

I tillegg til statlege tenester administrerer NAV mellom anna desse ordningane:

- Økonomisk stønad til livsopphald
- Tiltak mot rusproblem
- Råd og rettleiing i ulike spørsmål

TEKNISK

Sommarjobb for skuleungdom.

I samarbeid med næringslivet og frivillige organisasjonar tilbyr Forsand Kommune

sommarjobb for skuleungdom i inntil tre veker. Tilbodet omfattar ungdom frå og med det året dei fyller 16 år (ferdig med 10. klasse) til og med det året dei fyller 18 år.

Føremål med sommarjobbordninga for skuleungdom er:

- Å gje skuleungdom busette i Forsand, erfaring frå arbeidslivet med tanke på yrkesval og utdanning.
- Å lære skuleungdom kva krav arbeidslivet stiller til arbeidstakarar og kva rettar og pliktar dei har når dei er på jobb.
- Dekke behov for arbeidskraft i sommarmånadene for arbeidsgjevarar og lag/organisasjonar i Forsand kommune.
- Å rekruttere lokal ungdom som framtidig arbeidskraft i lokale bedrifter.

Visjon : Alle skal med.

Visjonen for denne planperioden er ALLE SKAL MED. Visjonen set fokus på at ein vil arbeide for eit inkluderande samfunn der alle, uansett føresetnad, skal få oppleve at dei høyrer til og føler seg inkludert i samfunnet. Dette er eit viktig grunnlag for at eit barn skal vekse og utvikle sitt ibuande potensiale.

Foreldra er dei viktigaste i barns liv. Samtidig har vi alle eit felles ansvar for barns oppvekst. Vi kan bidra til at barn utviklar et godt sjølvbilete og at draumar vert oppfylde. Muligheitene finst i kvar enkelt relasjon - i alle små og store augneblink vi står ovafor kvar dag. Vi er del av ein større heilskap der det er naudsynt å jobbe saman mot felles mål, og vi trur det stemmer at:

” Det trengs en heil landsby for å oppdra eit barn” (afrikansk ordtak).

Satsinga på barn og unge er, og må fortsatt vere, forankra i kommuneleiinga og hos politikarane. På bakgrunn av føringane i kommuneplanen, utdjuar oppvekstplanen det som skal leggjast vekt på i perioden 2016 – 2019. Planen viser «den raude tråden» og dei viktigaste satsingsområda i Forsand fra før fødsel og opp til 18 år. Stikkord for satsinga er:

- Helsefremmande og forebyggande arbeid
- Folkehelsearbeid
- Utvikling, kreativitet og læring
- Fokus på foreldrerolla
- Dialog og medverknad
- Samarbeid og heilskapstenking
- Oppvekstplanen er styrande for tilsette som arbeider for barn og unge i Forsand. Planen er en utdjuing av kommuneplanen og overbyggande for ulike strategiplanar.
- ”Engasjerte, ansvarlege vaksne som ser barna, bryr seg og følgjer opp”, pregar arbeidet vårt!

Dette vil me søkje å nå gjennom følgjande satsingsområder:

Satsing: Kommunen skal gje kunnskap, samarbeide og vere ein ressurs for føresette.

Saman skal ein gje barn og unge gode oppvekstvilkår.

Satsing: Barnehagen og skulen skal ha eit godt miljø for læring og utvikling for barn og vaksne.


Satsing: Barn og unge opplever å vekse opp i eit inkluderande samfunn.

Satsing: Barn og unge har tilgang til gode og varierte fritids- og kulturtilbod.

Satsing: Barn og unge vert høyrte, sett og ivareteitt i saker som påverkar deira kvardag.

Satsing: Kommunen skal arbeide førebyggjande, og ein skal så tidleg som muleg tilby rett og rask hjelp.

Satsing: Barn og familiar skal få heilskapleg hjelp og oppfølging ut frå sin situasjon.



1. FOR ALLE BARN OG FØRESETTE

1.1 Fokus på foreldrerolla

Satsing: Kommunen skal gje kunnskap, samarbeide og vere ein ressurs for føresette.

Saman skal me gje barn og unge gode oppvekstvilkår.

Tiltak	Frekvens/omfang	Ansvar	Finansiering	Tidsplan
Svangerskapsomsorg i kommunen	Tilbod til alle gravide som bur i kommunen	Lege/ jordmor	Innafor ramma, viss jordmor vert tilsett via sus må ramma utvidast.	Tilsette jordmor i kommunen i 2016 2016-2019
Foreldreførebuande kurs	Har i dag ikkje dette tilbodet. Ønsker å starte opp dette	Helsesøster/ jordmor/ psykiatri	20.000 kr pr år	2017oppstart
Foreldre og barn gruppe	Kvar veke Tripp Trapp kvar tysdag Småbarnstrall månadleg	Helsesøster / Foreldre/ frivillige	Innafor ramma Frivillige kan søke tilskudd frå kommunen	2016-2019
Forelderettleiing – vert gitt individuelt og/eller i grupper	Kontinuerleg	Helsesøster/ leiar av førebyggjande teneste	Innafor ramma	2016-2019
Samlivskurs, 2 på samme kurs	Samarbeid med Strand	Kyrkja/ frivillige	Søker midler på bufetat	2016-2019
ICDP - foreldrekurs	Årleg	Barnehage/ skule	Innafor ramma	2016-2019
Vaksenrolla i relasjon med barn	Fagleg fokus og opplæring av tilsette og foreldre kvart år	Helsestasjon, barnehage, skule, barnevern, psykiatri, FAU	30.000 kr. pr.år	2016 oppstart
Det skal være dialog på foreldremøte i barnehage og skule. Foreldra skal bli høyrte og få moglegheit til å snakke saman	Kontinuerleg	Barnehage/ skule	Innafor ramma	2016-2019



1.2 Kvalitet i barnehage og skule.

Satsing: Barnehagen og skulen skal ha eit godt miljø for læring og utvikling for barn og vaksne.

Tiltak	Frekvens/omfang	Ansvar	Finansiering	Tidsplan
Rekruttera og behalda dyktige barnehagelærarar i barnehagen	Kontinuerleg	Barnehage	Innafor ramma	2016-2019
God overgang frå barnehage til skule	På våren	Barnehage/ skule/ helsestasjon	Innafor ramma	2016-2019
Rekruttera og behalda dyktige lærarar i skulen	Kontinuerleg	Skule	Innafor ramma	2016-2019
Sosial kompetanse er felles satsingsområde i barnehage og skule	Kontinuerleg	Barnehage/ skule	Innafor ramma	2016-2019
Handlingsplan for godt skulemiljø (Olweus)	Gjeld for 1 år om gongen	Skulen	Innafor ramma	2016-2019
Felles standard for god klasseleiing	Kontinuerleg	Skulen	Innafor ramma	2016-2019
Garden- besøk	5.kl	Skulen	60.000	2016
Kosthold og aktivitet <ul style="list-style-type: none"> • Fiskesprell i barnehagen • Nistepakke på skulen 	Prosjekt i barnehage og skule?	Barnehage/ skule		Oppstart i 2017
Foreldresamarbeid	Møte fleire gonger pr år	Barnehage/ skule	Innafor ramma	2016-2019

Å vere saman – program for å auke sosial kompetanse	Kontinuerlig	Barnehage/ helsestasjon/skulehelse-teneste	Innafor ramma	2016-2019
Møte mellom barnevern, skule, psykiatri, barnehage	6 gonger i året	Tverretatleg samarbeid	Innafor ramma	2016-2019
Styrka lærarane sin kompetanse innan lesing gjennom bruk av SOL. Målet er at elevane skal skåra på fylkesnivå på nasjonale prøvar.	Kontinuerlig	Skule	Innafor ramma	2016-2019
God overgang til vidaregåande skule-lage rutine	Vår/ sommar	Skule, skulehelseteneste, oppvekstkoordinator	Innafor ramma	Oppstart 2016 2016-2019

1.3 Positivt oppvekstmiljø for barn og unge

Satsing: Barn og unge opplever å veksa opp i eit inkluderande samfunn.

1.3.1 Nulltoleranse for mobbing og vold

Tiltak	Frekvens/omfang	Ansvar	Finansiering	Tidsplan
Sosial kompetanse er felles satsingsområde i barnehage og skule.	Kontinuerleg	Barnehage/ skule	Innafor ramma	2016-2019
Alle som blir mobba/eller mobbar vert følgt opp i tråd med handlingsplanar mot mobbing i barnehage og skule	Kontinuerleg	Barnehage/ skule	Innafor ramma	2016-2019
Venskapsplan	Kontinuerleg	Barnehagen	Innafor ramma	2016-2019
Læringsmiljøgruppe på skulen	Møte kvar veke	Rektor, inspektør, Skulehelsetenesta, oppvekstkoordinator	Innafor ramma	2016-2019
Inkludering av flyktningar	Spesielt fokus på å inkludere nye i barnehage og	Barnehage, skule, flyktningkonsulent	Innafor ramma	Oppstart i 2015 2016-2019

	skule når det er aktuelt			
Samarbeid førebyggjande teneste og idrettslag	Tilby å delta i møter og veiledning av trenarar og foreldre	Idrettslag og førebyggjande teneste	Innafor ramma	Oppstart i 2016-2017
Romjultreff for ungdom	Kvar romjul	Kultur	Innanfor ramma	2016-2019
SMISO (senter mot incest og seksuelle overgrep) har opplegg i 6.-7. klasse om vold og overgrep Førebygga overgrep og incest allereie for 6 og 7 åringar, og for personar med utviklingshemming	Årleg	Skulen, skulehelsetenesta, avdeling for funksjonshemma	Kommunen støttar senteret med eit beløp årleg Politisk tilleggspunkt i kommunestyret 20.04.16. KS 31/16	2016-2019
Det vert laga handlingsplan mot vald i Forsand.	Arbeidet startes i 2016	Familie, barnehage, skule, pleie- og omsorg	Skal synleggjerast i planen	Eigen plan vert utarbeidd i 2016

Sjå også tiltak under pkt 1.3.2 vedr. barnefattigdom

1.3.2 Handlingsplan mot barnefattigdom

Mål: Førebyggja og redusere fattigdom og sosial eksklusjon blant barn, unge og deira familiar.

Tiltak	Frekvens/omfang	Ansvar	Finansiering	Tidsplan
«Me ser deg»		Kultur/ idrettslag	Eksterne midlar	Oppstart i 2016-2017
Utstyrsbank på aktivitetssenteret	Kontinuerleg	Kultur/SLT koordinator	Innafor ramma, evt søka eksterne midlar	2016-2019
Ferietilbod - gratis aktivitetar i ferien	I skulen sine feriar	Kultur/SLT koordinator	Statlige midlar	2016-2019
Velkomstpakke - nye innbyggjarar		Kultur/ordførar	Innafor ramma	Oppstart i 2016
Inkluderande Fritid -plass for	Kvar veke	Kultur	Innafor ramma	2016-2019

alle - fritidsklubb				
Støtteordning for å dekke kontingent/utstyr	Kontinuerleg	Kultur	Innafor ramma, kan muligens få statlege midlar.	2016

1.3.3 Folkehelse

Tiltak	Frekvens/omfang	Ansvar	Finansiering	Tidsplan
Partnerskap for folkehelse med eigen handlingsplan	Deltaking på møte og samlingar om folkehelse	Folkehelsekoordinat or, alle kommunale etatar og frivillige lag	Søker eksterne midlar frå fylkeskommunen	2016-2017
Oversikt over folkehelsa i kommunen	Vert rapportert i tertialrapporten	Rådmannen	Innafor ramma	Oppstart 2016 2016-2019
Plan mot vald i nære relasjonar	Vert laga i 2016	Barnevern, Nav, Psykiatri, PLO, avd for funksjonshemma, Folkehelse koordinator	Innafor ramma	2016-2019
Tilrettelegga friluftsområder nær der folk bur	Utvikle nærområder, sjå eigen plan	Folkehelsegruppa	Folkehelsemidlar/ kommunale midlar	Oppstart 2015, fortsetter til 2019
Temadag	Årleg	Psykiatri/ folkehelsegruppa	Folkehelsemidlar	2016-2019
Folkehelsekonferanse	Delta årleg	Folkehelse koordinator og folkehelsegruppa	Folkehelsemidlar	2016-2019
Møteplass på kulturhuset	Ope kvar veke	Biblioteket/ kulturhus	Innafor ramma	2016-2019
Treningskontakt/ fritidskontakt	Etter behov	Helse	Folkehelsemidlar/ kommunale midlar	2016-2019
Turgruppe/ aktivitetsgruppe	Kvar veke	Psykiatri	Innafor ramma	2016-2019
Kafé Mulen - møteplass for alle	Ope kvar veke	Kultur	Innafor ramma	2016-2019
Fritidsklubben open etter skuletid for 5.-7. klasse	2 dagar i veka	Kultur/ fritidsleiar	Innafor ramma	Oppstart i 2016 2016-2019
Nyttårsfest for alle	Årleg	Kyrkja	Kommunal støtte kan søkas	2016-2019

1.4 Varierte og gode kultur og fritidsaktivitetar

Satsing: Barn og unge har tilgang til gode og varierte fritids- og kulturtilbod.

Tiltak	Frekvens/omfang	Ansvar	Finansiering	Tidsplan
Den kulturelle barnehage- og skulesekken	Årleg	Barnehage/Skule/kultur	Innafor ramma	2016-2019
Sprett og sprell	Kvar veke	Idrettslaget	Kan søke kommunalt tilskot	2016-2019
Jente- og guttegruppe/ Kor	2. kvar veke	Bedehuset	Kan søke kommunalt tilskot	2016-2019
Fritidsklubb	1 gong per veke	Kultur	Innafor ramma	2016-2019
Fredagsklubb	2. kvar fredag	Bedehuset	Kan søke kommunalt tilskot	2016-2019
Fagdagar/kurs for frivillige lag og org, foreldre og tilsette	1 gang per år	Kultur/Skule/Helse/Barnehage	Eksterne midlar/ kommunale midlar	2016-2019
Årleg samling for leiarar i frivillige lag og foreiningar	Årleg	Kultur	Innafor ramma	Oppstart 2016 2016-2019
Besøk på garden	2 dagar per veke	Barnehagen	Innafor ramma	2016-2019
Besøk av kulturskulen og rikskonsertane	2 gonger per år	Barnehagen	Innafor ramma	2016-2019
Forsand kommune skal sikre: - Utvikling av idretts- og nærmiljøanlegg. - Støtteordningar for lag og foreiningar. - At leikeområde vert opparbeidd og vedlikehalde ut ifrå leikeplassnorma i kommunen.	Kontinuerleg	Plan/Teknisk / Kultur/ Folkehelsegruppa	100.000	Oppstart 2017
Friluftsliv/turstiar – tilretteleggja for fysisk aktivitet	Pågåande prosess	Politisk komitè	Folkehelsemidlar / kommunale midlar	2016

Det skal definerast grønt-, og friområde i tilknytning til alle nye buområde.	Ved utvikling av nye buområde Universell utforming skal vektleggjast.	Teknisk/ Plan/ folkehelsegruppa	Innafor ramma	2016 -2019
Oppretthalde tilrettelagte fritidstilbod for barn og unge med nedsatt funksjonsevne	Kontinuerlig	Kultur	Innafor ramma	2016-2019
Workshop UKM og UKM	Årleg	Kultur/ fritidsleiar	Innafor ramma	2016-2019
Weekend for hele familien	Årleg	Kyrkja	Kommunal støtte kan søkas	2016-2019
Middag for alle	2 gonger årleg viss mogleg	Bedehuset, Normisjon	Kommunal støtte kan søkas	2016-2019
Klatreklubb	Kvar veke	Frivillige, klatreklubb	Kommunal støtte kan søkas	2016-2019
Trialklubb	Kvar veke, sesongbetont	Frivillige, MA, Forsand Trialklubb	Kommunal støtte kan søkas	2016-2019
Fisketurar	Turar som annonseras	Forsand Jeger og fisk	Kommunal støtte kan søkas	2016-2019
Fotball, håndball	Kvar veke	Forsand idrettslag	Kommunal støtte kan søkas	2016-2019
Turar / aktivitetar		Norsk folkehjelp, Strand og Forsand	Kommunal støtte kan søkas	2016-2019
Hesteaktivitetar		Villingsur islandshest forening	Kommunal støtte kan søkas	2016-2019
Andre fritidsaktivitetar	Sjå liste over alle lag og foreiningar i Forsand	Diverse frivillige	Kommunal støtte kan søkas	2016-2019

1.5 Involvering av barn og unge

Satsing: Barn og unge vert høyr, sett og ivaretatt i saker som påverkar deira kvardag.

Tiltak	Frekvens/omfang	Ansvar	Finansiering	Tidsplan
Alle plansaker skal ha eit punkt som seier noko om planen sin innverknad på barn og unge. Det skal vurderast om og korleis barn og unge skal involverast.	Kontinuerlig i alle plansaker	Plan/elevråd/ ungdomsråd/ oppvekstkoordinator	Innafor ramma	Oppstart i 2016? 2016-2019
Ungdomsråd	1g/mnd	Kultur/ Fritidsleder	Innafor ramma	Starta i 2015 2015- 2019
Barnetråkk	Vurdera dette tiltaket	Teknisk/ plan		Oppstart i perioden

Sjumilssteget- for god oppvekst i Rogaland. Barnekonvensjonens artikkel vert konkretisert i tenestane	Oppstart i 2016	Rådmannen/ oppvekstkoordinator	Innafor ramma	2016-2019
Barnas representant i plansaker	Kontinuerleg i plansaker	Politikarar/ Plan/ Oppvekstkoordinator	Innafor ramma	Oppstart i 2016
Gjennomføra jevnlege regionale ungdomsundersøkingar	Deltaking i Ungdata kvart 3. år	Fritidsleder/ skule	Innafor ramma	2016 og 2019

1.6 Rusførebyggande arbeid

Tiltak	Frekvens/omfang	Ansvar	Finansiering	Tidsplan
SLT arbeid- eigen plan	Fleire møter i året	SLT koordinator, ordfører, rådmann, lensmann og SLT gruppa	Innanfor ramma, søker eksterne midlar	2016-2019
Det bør utarbeidast ein forpliktande ruspolitisk handlingsplan for Forsand kommune.	Utarbeides i 2016	Arbeidsgruppe vert oppnemnt av rådmann	Skal synleggjerast i planen	2016
FRI – rusførebyggande program for ungdom	Kvart år	Skulen	Innafor ramma	2016-2019
Ungdoms foreining	Fredags kveld	Kyrkja i samarbeid med ungdomsarbeider	Kan søka kommunalt tilskot	2016-2019
Open hall	Søndagskveld	KRIK	Kan søka kommunalt tilskot	2016-2019
Leir for ungdom i regi av KRIK	Årleg i vinterferie, sommerferie og nyttårshelg	KRIK	Kan søka kommunalt tilskot	2016- 2019
Ungdomslos/ - vegleiar som følgjer opp ungdom i risiko i både skule og arbeid	Oppstart i 2016	Kommunen	Søkje eksterne midlar	Oppstart i 2016 viss me får eksterne midlar

1.7 Trygge skuleveggar og gode sykkelstiar

Tiltak	Frekvens/omfang	Ansvar	Finansiering	Tidsplan
Kommuneplanarbeid	kontinuerlig	Plan	Innafor ramma	2016-2019
Trafikksikringsplan for Forsand Kommune	Skal rullerast	Plan	Innafor ramma	2016-2019

2. FOR BARN OG FORESATTE MED RISIKO FOR Å UTVIKLE

VANSKAR

Satsing: Kommunen skal arbeide førebyggjande, og ein skal så tidleg som mogleg tilby rett og rask hjelp.

Tiltak	Frekvens/omfang	Ansvar	Finansiering	Tidsplan
Helsestasjon, spesialpedagogar og ppt gir direkte oppfølging til barn og foresatte	Ved behov	Helsestasjon, barnehage, skule, PPT	Innafor ramma	2016-2019
Barneverntenesta gir: - Råd og rettleiing -Frivillige hjelpetiltak	Ved behov	Barnevern evt i samarbeid med andre instansar	Innafor ramma	2016-2019
Støttekontakt for barn	Ved behov	Seksjon for funksjonshemma	Innafor ramma	2016-2019
Fysioterapeut vurderer enkeltbarn med vanskar	1 gang/ mnd på helsestasjonen	Fysioterapeut/ helsestasjon	Innafor ramma	2016-2019
Marte – Meo - rettleiing	Ved behov	Barnehagen	10% av ressurspedagogstilling	2016-2019
Ressurspedagog i barnehagen: enkeltbarn og familiar	100 % stilling	Barnehagen	Innafor ramma	2016-2019
ICDP kurs for foreldre	Årleg	Barnehage/skule	kr 20 000 pr kurs	2016-2019
Barnehage og skule har samarbeidsmøte der tilsette frå ppt , spesialpedagog og skuleleiing deltar fast.	4 ggr/ år	Barnehage/ skule	Innafor ramma	2016-2019
Konsultasjonsteam som gir råd og rettleiing i saker der det er mistanke om vald eller seksuelle overgrep.	Interkommunalt samarbeid i Ryfylke. Møter 2. kvar mnd	Familiens hus på Jørpeland/ barnevern	Innafor ramma	2016-2019

Undervisning/ informasjon i 5 klasse – Psykisk førstehjelp	Årleg	Psykiatritenesta/skul ehelsetenesta/ barnevern	Innafor ramma	2016-2019
Videreføre SLT= Samordning av lokale kriminalitetsføreby ggande tiltak. Fast samarbeid mellom kommunen og politi i enkeltsaker og på systemnivå.	Faste møter i året, eigen plan for dette arbeidet	SLT koordinator og SLT gruppa	Innafor ramma	2016-2019
Felles, årleg kompetanseheving for tilsette som arbeidar med barn og unge. Aktuelle tema: -Relasjonar med barn - Frå bekymring til handling - Risikofaktorar og beskyttelsesfaktor ar - Tidleg innsats - Samtalar med barn - Tverrfagleg samarbeid - Barn som påørørande - Psykisk helse	Årleg 1 årig utdanning i relasjons- kompetanse, 1 dag/mnd i 10 mnd	Oppvekstkoordinator , helsestasjon, barnehage, skule, barnevern, psykiatri, kultur, SLT koordinator	20.000 19 000 pr pers- 5 tilsette på kurs kvart år= 95 000	Oppstart i 2016 (2015: Samtalar med barn) 2016: Relasjonar med barn/ Tidleg innsats 2017: Risikofaktor og beskyttelsesf aktor/ Fra bekymring til handling 2018: barn som påørørande/ psykisk helse 2019:Nye arenaer ift Ryfast, samarbeid på tvers av kommunar

3. FOR BARN OG FØRESETTE MED BEHOV FOR SÆRSKILTE

TILTAK

Satsing: Barn og familiar skal få heilskapleg hjelp og oppfølging ut frå sin situasjon.

Tiltak	Frekvens/omfang	Ansvar	Finansiering	Tidsplan
Henvise for utgreiing og behandling frå BUP, privatpraktiserande psykologar m.m	Ved behov	Fastlege/ barnevern	Innafor ramma	2016-2019
Samarbeidsmøte bup/ kommunen	2 g/ år	Bup/kommunen	Innafor ramma	2016-2019
Barneverntenesta kan kjøpe tiltak frå eksterne f.eks. ART, PMTO, MST, FFT, Marte Meo og Trygg Base og anna rettleiing. Desse nyttast når eigne kommunale tiltak ikkje er tilstrekkeleg (nemnt under gult)	Ved behov	Barnevern	Innafor ramma	2016-2019
Barnevernsvakt ved barnevernsleder	Tilbod på kveld, natt, helg og ferier	Barnevernet	Innafor ramma	2016-2019
Krisesenter, interkommunalt tilbod	Ved behov. Samtaletid onsdager i oddetalsveker kl 10-15 i Strand	Krisesenteret i Stavanger	Kommunen betaler ein fast sum i året	Oppstart i 2015 2016-2019
Avklare roller og ansvar når fleire instansar er involvert - avklare kven som har myndigheit til å bestemme ved faglig ueinigheit - sikre medverknad	Ved samansette problem	Leiar for familie seksjonen/ pleie- og omsorg/ barnehage/ skule og evt andre involverte. Oppvekstkoordinator kaller inn til avklaringsmøte på oppmoding.	Innafor ramma	Oppstart i 2016

4. Budsjett:

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Punkt 1 grønt – helsefremjende og førebyggende tiltak	110 000	210 000	210 000	210 000	740 000
Punkt 2 gult-tiltak for barn/unge i risiko	135 000	135 000	135 000	135 000	540 000
Punkt 3 rødt-tiltak for barn/unge med sammansette problem	0	0	0	0	Alt tas innfor ramma
Totalt pr år	245 000	345 000	345 000	345 000	1 280 000 for heile perioden

5. Aktuelle planar i Forsand kommune som har innverknad

for arbeidet med barn og unge:

Kommuneplan for Forsand kommune

Kommunedelplan 2007 – 2022 Friluftsliv, Idrett, natur og kultur

SLT Handlingsplan for Forsand

Trafikksikringsplan for Forsand Kommune

Plan for den kulturelle skulesekken

Regionalplan for folkehelse i Rogaland

Handlingsplan for folkehelse i Forsand

Kyrkjelydens plan